

15 NOV 2011



Dokid: 110000125527 (10/93-189)
MERKAND TIL HEIPLANEN VED
BLEILISTØYLANE GNR. 20, BNR. 1 NORDENÅ OG
GNR. 20, BNR 2 KÅSI I BYGLAND

Rogaland fylkeskommune
v/prosjektleder John Jastrey
Postboks 130
4001 Stavanger

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (Heiplanen)

Merknad til heiplanen ved Bleilistøylane gnr. 20 bnr 1 Nordenå og gnr. 20 bnr. 2 Kåsi i Bygland.

Heiplanen som blei lagt fram våren 2011 hadde ei sørgrense rett nord for Bleilistøylane, mellom Hovatn og Topsæ. Planen som no er sendt ut på høyring er utvida sørover med minst 4 km, heilt til Åraksvegen. Det fører til at våre eigedomar i Bleili, som er ein del av eigedomane i Åraksbø, blir liggande innafor heiplanen.

Dette kan vi ikkje godta, med alle dei strenge krav som er sett i planen.

Vi eig som nemnt Bleilistøylane og eit område rundt på om lag 2200 da. Rundt støylane, som ligg på om lag 750 m.o.h., er det bjørkeskog med litt gran og furu innimellom. Bleilistøyl er ein gamal støyl som har høyr til gardane heime i alle år. Det står ei bu på kvar støyl på om lag 10-12 m² som er i temmeleg god stand. Sjølv støylane er haldne vedlike, slik at dei er mest som for 50-60 år sidan. Familiane er glad i dei gamle støylane og brukar dei mykje.

Vi veit at det er mogeleg å søke om å byggje på dei gamle buene, men ei ny hytte vil ein ikkje kunne få lov til. Det tykkjer vi er for strengt i lågheia. Det er noko anna med høgheie og snaufjell. Skal ein frakte materiale o.a. opp til støylane, må ein nytte snøscooter. For transport av elg i samband med jakt blir det brukt elgtrekker eller liknande fram til bilveg.

Bleilistøylane ligg heilt i utkanten/vestkanten av heiplanen mot Hovatn. Belte/området langs austsida av Hovatn, som ligg utanfor heiplanen, er på det smalaste ved Bleili.

No krev ikkje vi at heile eigedomane våre i Bleili blir tekne ut av heiplanen, berre ein liten del, slik at Bleilistøylane og eit område rundt går ut av planen, slik som vist på vedlagte kartutsnitt. Området ligg godt vest for grensa for Tovdalsvassdraget. Planendringa vi ynskjer kan gjerast ved ei lita justering av heiplanens vestgrense mot Hovatn.

Vi imøteser eit positivt svar.

Åraksbø 12.11.11

Nils R. Hammer


Björg Nordana Hammer

Björg og Nils Hammer
Åraksbø
4745 Bygland


Vrål Kåsi

Vrål Kåsi
Harestien 6
4844 Arendal

Kopi: Bygland kommune – plan og ressursutvalet, 4745 Bygland



Dokid 110000125528 (10/93-189)
2 kart



Eigedomsgrænse
Ynskjet ny grænse for heiplanen
M 1:50.000

Map labels include: Gnuldreheii, Jikheii, Hovath, Jarnverksheii, Kjøddingåsen, Rossetdalsfjell, Gnr.20/bnr.1, Nordend, Kåsi, Gnr.20 bnr.2, Rossetjörnfjelli, Mjaltehomrishi, Ardalsvegen, Rysefjell, Syrdalsheii, Jotjörnheii, Skuggefjell, Urdeheii, Slekjefjell, Stykjen, Asbjörnshæi, Löyningsheii, and many others. Grid numbers 30-39 are visible on both axes.

